

HØYRINGSBREV-HOD-FRAMLEGG TIL ENDRINGAR I FORSKRIFT 2011-12-16-1349 OM EIGENDEL FOR KOMMUNALE HELSE-OG OMSORGSTENESTER. Høyringsfrist 16.mai 2014.

Det er gjort framlegg om endringar i storleiken på eigendel ved langtidsopphald på kommunale institusjonar for bebuarar som mot sin vilje vert plassert på dobbeltrom.

Konkret er det gjort framlegg om eit fribeløp på kr.35.000.-

Her er det altså lagt opp til ei rabattordning for pasientar som «mot sin vilje» vert plassert på dobbeltrom. Samstundes vil også kommunane ha eit viss inntektstap ved ei slik rabattordning.

Dette høyringsutkastet må ein sjå i samanheng med at Regjeringa medio februar d.å. kunngjorde at «den vil arbeida for lovfesta rett til sjukeheims plass eller pleie- og omsorg. For dei pasientar som «mot sin vilje» vert plassert på dobbeltrom, skal eigendelen reduserast.

«Retten til einerom» finn ein bl.a. nedfelt i Kvalitetsforskrift (FOR-1997-02-27 -358 . og i Forskriftene til Verdighetsgarantien bokstav h «tilby eldre som bor på helseinstitusjon enerom».

Noverande regjering har og auka tilskot til bygging av sjukeheimar frå 40 til 55 % (som skal utprøvast i 10 kommunar).

Fylkesstyret er sterkt uroa over at framlegg til endringar når det gjeld langtids pasientar som mot sin vilje vert plassert i dobbeltrom, vil verta ei «sovepute» for kommunane når det gjeld vidare utbygging av einerom på sjukeheimane.

Dersom kommunane ikkje går mot høyringsframlegget, vil dette bli oppfatta som ein stillestående aksept på «rabattordninga» der stadig fleire kan risikere å måtte «akseptere «å bli plassert på dobbeltrom, men mot ein viss rabatt når det gjeld eigenbetalinga. Situasjonen for den enkelte «pasient» kan vera svært ulik når det gjeld evne/vilje til eventuelt å bli plassert saman med andre – og ofte etter ein lang «kamp» for å få plass (og i verste fall fokusert i media).Sjølv om ei slik «rabattordning «også vil slå ut på inntekta til den enkelte kommune, vil dette vera for småpengar» å rekne mot eventuelt å måtte bygge fleire sjukeheims plassar. (dersom då ikkje staten, mot formodning, skulle framskaffe ei svært så gunstig finansieringsordning) Fylkesstyret er av den oppfatning at ei foreslått rabattordning vil vera ein vinn-vinn situasjon både for statlege og kommunale myndigheiter når det gjeld økonomien. I ytterste konsekvens kan ein og risikere at stadig fleire vert plassert på fleirsengsrom og kommunane kan få kompensert inntektstap gjennom kvantitet (fleire bebuarar)

Gjennom framlegget til «rabattordning» vil stat og kommune kunna hevde at stadig fleire kan få sjukeheims plass og attpåtil få «rabatt» dersom dei vert plassert på fleirsengsrom mot sin vilje. Kvar vert det av Verdigheit og Livskvalitet i eldreomsorga? Det er på høg tid at vi får ein debatt om Verdigheit i Eldreomsorga. SSB si framskrivinga av folkemenga framover går i retning av stadig fleire eldre. Ei slik foreslått rabattordning er etter Fylkesstyret si meining å gå med ryggen inn i framtida, når vi veit at dei fleste kommunane allereie har ein underdekning på antal sjukeheims plassar i høve til dagens situasjon.

Fylkesstyret i Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane er heilt klar på at «Verdigheit må gå føre rabatt» når det gjeld mål oppnåing med einarom til alle på sjukeheimen og avviser framlegget til endringar i forskrift 2011-12-16-1349 om eigendel for kommunale helse – og omsorgstjenester.



Jostein Midtbø

Fylkesleiar

Sendast til:

- Sogn og Fjordane sine stortingsrepresentantar
- Statsråd Robert Eriksson, Arbeids- og sosialdepartementet
- Alle avisene i Sogn og Fjordane
- Pensjonistforbundet